

Ved Bergens Sjøfartsmuseum har vi no sett på det tilsendte planforslaget med alle tillegg.

Vi har nokre merknader og tillegg:

På s. 25(?) skipsfunn (§ 14 i Kulturminneloven, (KML): alle over 100 år er verna, ikkje freda.

På mange av dei små, eldre sentra i kommunane har det vore ei rik eldre historie da sjøen var hovudvegen. På dei no ofte bortgløynde handels- og gjestgivarstadene og nattehamnene står det att ei mengd fortøyningsgoods.

Dette er både fortøyningsringar og -boltar. Det er mange døme på slike. Ei hamn som Foldrøyhamn (Bømlo) har eit vidt spekter av slik fortøyningsgoods.

På grunn av ukjent datering er dei korkje freda eller verna etter KML. Dei bør allikevel bevarast som kulturminne. Dette bør dei enkelte kommunane sjå til gjennom føresegnene til planen.

Det er og ein annan relativt ukjend kategori kulturminne som bør vernast.

Dette er ballastrøyser fra skip som har teke inn last, både norske og utanlandske.

Dei ballastrøysene vi har funne, ligg no merka på nettstaden til Riksantikvaren, Askeladden, som planleggarane i kommunene har tilgang til.

Døme på dette finn vi i lastehamna på austsida av Terøy, med Askeladden ID nr. 149660 i Kvinnherad kommune. Fleire ballastrøyser er påvist mewllom anna i Tysnes og Bømlo kommuner.

Vi håper dette kjem til nytte.

Med vennlig hilsen  
For  
Bergens Sjøfartsmuseum

Arild Marøy Hansen